

## Feiing.

Sogn brann og redning IKS utfører feiing av skorsteinar og tilsyn med fyringsanlegg i kommunane Sogndal, Luster og Vik.

Tenesta skal utførast etter behov. Det er brannførebyggjaren som (i samråd med huseigar/bebuar) avgjer kor lenge det skal vera til neste besøk.

### Varsel om feiing.

Feiing blir vanlegvis varsla med SMS. Kontaktinformasjonen blir automatisk henta ut frå Kontakt og reservasjonsregisteret (KRR). Viss me oppdagar at det manglar telefonnummer tilknytt eigaren eller adressa, vil me prøva å ta kontakt på andre måtar for at tenestene skal bli utførte.

Dersom de ikkje får varsel er det ikkje registrert noko telefonnummer i KRR. Dette må eigar av eigedommen gjera. Då går ein på nettsida [Oppdater kontaktinformasjon | Norge.no](#) Der loggar ein inn med Bank-ID. Då vil alle offentlege instansar som varslar på denne måten få denne informasjonen.

### Når du har motteke varsel om feiing.

Når du har motteke varsel om feiing er det nokre ting som må førebuast.

- Syt føre at eldstader er sløkte, og at dei ikkje har vore i bruk same dagen som feiing skal skje.
- Steng alle trekkreguleringar på eldstadane og spjeld på peisar. Viss ikkje dette er gjort, vil sot kunna trengja inn i huset ved feiing.
- Det må vera tilfredsstillande tilkomst for feiing. Huseigar er ansvarleg for at tilkomsten er god nok, og brannførebyggjaren kan påleggja at dette blir utbetra viss det ikkje er det. Kva som er «godt nok» er nærare forklart i «Instruks for feiar om tilkomst til skorstein på tak».
- Viss feiing skal skje frå feieluke på loft, må det vera ein person til stades som representerer huseigar.
- Dersom varsla feiing ikkje høver, vert eigar oppmoda om å ta kontakt med brannførebyggjaren direkte via telefonnummer som står i motteken melding. Då er det enkelt å avtala ny tid.

### Etter utført feiing.

Etter at feiing av skorsteinen er utført, kan brannførebyggjaren utføra feiing av røykrøyr og ta ut sota frå skorsteinen, om ikkje huseigar ynskjer å gjera dette sjølv. Dette er, i likskap med feiinga, lovpålagt og er då inkludert i avgifta for feiing og tilsyn. For at brannførebyggjaren skal kunna ta ut sota, må vedkommande ha lett tilgang til sotluka. Brannførebyggjaren skal ikkje ta med seg sota, men plassera denne på ein branntrygg stad på eigedommen.

Feiing av eldstad er ei tilleggsteneste som skal fakturerast etter til ei kvar tid gjeldande sats.

Dersom brannførebyggjaren oppdagar tilhøve ved fyringsanlegget som vesentleg aukar faren for brann, kan vedkommande leggja ned forbod mot bruk inntil feilen er utbetra.

## Gebyr.

Feiing og tilsyn er ei lovpålagd teneste som skal finansierast etter sjølvkost. Dette vil sei at gebyr som vert kravd inn til feiing og tilsyn med fyringsanlegg, skal gå til å dekkja alle utgiftene med tenesta. Dette vera seg t.d. løn til feiarstaben, bilar, kontormateriell og administrasjon av tenesta.

Når det er sagt er det ikkje høve for kommunen å krevja inn meir enn det dei brukar til tenesta. Det skal altså ikkje vera ein ekstra skatt til drift av kommunen.

Gebyr for tenestene som me utfører blir fakturert frå kvar einskild kommune, men er vedtekne med lik sats i alle kommunane.

Desse er oppdelte i tre nivå som er:

Feiing kvart år

Feiing kvart 2. år

Feiing kvart 4. – 6. år

Minstesats feiing og tilsyn. Denne satsen skal dekkja feiing kvart 8. - 10. år og dei som berre har tilsyn (mange av fritidsbustadane)

Tilsyn (bustadtilsyn) er også lovpålagt og er i alle tilfella dekkja av gebyret.

## Legitimering.

For Sogn brann og redning IKS er det viktig at alle innbyggjarane skal kunna føla seg trygge på at dei får utført den tenesta dei har krav på. Difor skal de alltid sjå at brannførebyggjaren:

- Køyre uniformert bil
- Har uniform sjølv
- Kan legitimera seg som tilsett i Sogn brann og redning IKS

## Behovsprøvd feiing

Etter at «forskrift om brannforebygging» vart sett i verk 01.01.2016, fekk kommunane litt endra oppgåver. Dette vil mellom anna seia at alt lovpålagt arbeid som brannførebyggjaren utfører i alle norske kommunar skal vera behovsprøvd.

Då tek brannførebyggjaren omsyn til ymse tilhøve slik som sotmengde, sotype og t.d. fyringsmønster når vedkommande skal vurderer kor ofte det bør feiast i kvart fyringsanlegg.

Dette betyr at nokre bustader vil få besøk av feiaren kvart år, medan andre får det sjeldnare.